


Likevel ikkje kantine ved skulen



- Ikkje stort nok fleirtal for kantine, er konklusjonen til rektor Vidar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det blir likevel ikkje kantine ved Uskedalen skule til hausten. Konklusjonen til rektor Vidar Haugland etter spørjeundersøking nummer to er at sjølv om eit ganske stort fleirtal av elevane ville delteke, er fleirtalet ikkje stort nok.

Det vil vera 92 born ved skulen frå hausten.

Dette er tala som rektor har lagt til grunn for si avgjerd på grunnlag av to spørjeundersøkingar og "eit døger i tenkeboksen", som han uttrykker det:

59 born ville ha delteke i prosjektet medan 20 born ikkje ville ha vore med og foreldra til 13 born ikkje har svara. Mellom 64 og 75 prosent av elevane ville ha vore med i kantina.

Rektor slår fast at debatten rundt spørsmålet har vore intens og engasjert og at mange har hatt meiningar for eller i mot.

- Eg har sjølv meint at kantina ville vore eit positivt tiltak for elevane og skulen, men eg har også sagt at det er foreldra sitt syn som skal vera avgjerande og at eg ville ha eit stort fleirtal av dei "i ryggen" for å starta prosjektet, seier han.

Vidar Haugland takkar alle som har engasjert seg i spørsmålet. Det synest han er svært positivt og eit prov på at demokratiet fungerer i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen